



**SATSAR NYTT:** Stig Ove Jacobsen hos Meland antirust satsar på olje frå saueull når han behandlar bilar for rust.

Foto: Silje Alvsaker

# Tar bilrust med saueolje

**Stig Ove Jacobsen er ein av to i Hordaland som satsar på miljøvennleg rustbehandling av bil. Til det trengs det ull.**

Av Silje Alvsaker  
silje@strilen.no

Lanolinlje som kjem frå saueull er ikkje noko ny oppfinning, men i Nordhordland er bruksmåten ny.

Stig Ove Jacobsen som driv Meland antirust går nemleg i ei ny retning og brukar ein behandlingsmetode som er nokså ny i Norge.

Ull med lanolin blei i gamle dagar brukt til å halde seg tørr. Olja er fri for lausemiddel, og difor meir miljøvenneleg.

Stig Ove er den einaste i Nordhordland som brukar denne metoden, og det er berre ei anna verksemd i heile Hordaland som har slik behandling.

## Båt og venterom

– Fordelen med lanolinolje er att den ikkje tørkar. Den kryp opptil 15 centimeter i alle retningar av seg sjølv, innimellom alle plasser der anna behandling ikkje kjem til. Difor klarer den å stoppe rusten.

Du må til gjengjeld utføre be-

handlinga oftare enn ved andre typar rustbehandling.

– Dette tek berre halvanna time å gjere ei behandling, medan anna type rustbehandling tek tre-fire dagar og kostar mykje meir.

Stig Ove har innreia venterom nede ved sjøen på Vikebø, og til sommaren vil han skaffe ein båt som kundane kan bruke medan dei venter.

Han er oppteken av at tilbudet skal vere landleg, og at det skal vere koseleg å kome ut til han.

## Gira på oppstart

Han starta med møbellakkering og sandblåsing, men ville ha ein fast ting å drive med. Stig Ove har alt det andre på si framleis, og er blitt ein slags lokal smed som fiksar det meste.

Tidlegare jobba han med maling i oljeindustrien, men han har alltid vore bilinteressert.

– Eg er oppteken av rust og bil, og ville sjekke kva eg kunne starte med her ute. Hovudimportøren av lanolinolje tok kontakt og var gira på at eg skulle starte opp. Eg sjekka opp konseptet og gjekk på kurs hos Norges eldste antirustsenter.

Senteret har drive med dette i ti år, og Stig Ove meiner det er vegen å gå.

– Vi som driv med dette veit at det er betre enn annan type rustbehandling.

## Luft og vatn

Den lengste behandlinga tek tre-

fire timar, men vanlegvis ikkje meir enn halvannan.

– Å bruke dette stoffet på rust er revolusjonerande. Når du fjernar luft og vatn frå metall, har du tatt vekk to komponentar som gir rust, forklarar han.

Då tek han holrom, dører, panser og avsluttar med understellet.

Der ein tidlegare har måtta reingjere og tørke bilen før sjølve rustbehandlinga kunne starta,

treng ein no berre å blåse bilen rein med trykkluft.

## Venteliste

– Du følger eit program, og må gjere dette omtrent annakvart år for å halde garantien. Anna behandling gir fem års garanti, men eg gir ti års garanti på same bilen om du følger programmet.

– Det er en godt marknad for dette. Eg har venteliste og mange

kundar allereie. Dette stoppar rust. Mange forstår det ikkje, og trur ikkje heilt på det, men dei ser at det skjer. Det er eg som tek kostnaden om det ikkje fungerer og gir betre garantiar, seier han.

Stig Ove har no ordna seg avtalar med mange av bilverksemdene i distriktet, og er klar til oppstarten i midten av februar. Han håpar på sikt at han òg kan bidra til fleire arbeidsplassar.



**Fått krav om avfallsplan?**

Me hjelper med dokumentasjon og tek hand om avfallet ditt.

**NGIR**

56 34 33 10 - ngir.no - ngir@ngir.no